

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest  
Avdeling: Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 13/6100-1

---

## Omklassifisering fv. 724 Olden sentrum

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:  
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Om lag 250 meter gamal fylkesveg 724 vert omklassifisert til kommunal veg.
2. Omklassifiseringa vert gjennomført når planlagde tiltak er gjennomført.

### Vedlegg:

Brev til Stryn kommune 19. november 2011

Brev frå Stryn kommune 11. mai 2012

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn

#### Bakgrunn for at saka er reist

Fylkesveg 724 i Olden sentrum vart lagt om i 2011. Statens vegvesen foreslår at gamal fv. 724 vert omklassifisert til kommunal veg frå kryss med fv.60 i Olden til den møter ny linje for fv. 724 mot Oldedalen.

I samsvar med veglova § 7 kan fylkeskommunen gjere vedtak om at fylkesveg skal leggest ned eller gjerast om til kommunal veg:

*«Etter at fylkeskommunen – i Oslo kommunen – har uttala seg, kan departementet gjere vedtak om at riksveg skal leggest ned eller gjerast om til fylkesveg eller til kommunal veg.*


*Etter at kommunen har uttala seg, kan fylkeskommunen gjere vedtak om at fylkesveg skal leggest ned eller gjerast om til kommunal veg.*

*Kommunen kan gjere vedtak om at kommunal veg skal leggest ned.*

*Vedtak etter første og andre ledd kan likevel ikkje settast i verk utan at vegen oppfyller tekniske krav etter nærare retningsliner gitt av departementet.»*

### Problemanalyse

Om lag 250 meter gammel fv. 724 vert foreslegen omklassifisert til kommunal veg. Statens vegvesen foreslår at denne vegen vert omklassifisert i den stand den har i dag. Nybygd veglinje frå kryss med fv. 60 får status som ny fv. 724.



I samsvar med veglova § 7 2. avsnitt, sende Statens vegvesen forslag til omklassifisering i Utvik sentrum til Stryn kommune for uttale 19. november 2011, sjå vedlegg.

Stryn kommune svarde på dette i brev datert 11. mai 2012 (vedlagt). Kommunen sette følgjande vilkår for nedklassifisering av vegen:

1. Utforming av FV3

Eksisterande kryss mot fv.60 er no stengt, og reguleringsplanen viser felles avkøyrsla mot områda BS (gbnr 871 og 87/13) og BFHS (gbnr 87/14). Avkøyrsla må nyttast til varelevering med lastebil til dei to områda, og avkøyrsla må utformast i samsvar med dette. Avkøyrsla er ikkje køyrbar for lastebil no, dette må rettast opp.

2. Fysisk sperre mellom gammal og ny fylkesveg

På ende av køyreveg (mellom område B3 og B4) må setjast opp bom – helst sjølvluukkande - for å hindre at gang/sykkelveg blir nytta som snarveg for bilistar.

3. Vendehammer i ende av kommunal veg

Ved stenging av eksisterande veg, må det opparbeidast vendehammer ved område B3, i samsvar med reguleringsplan. Denne bør opparbeidast med den kurvatur som er vist i reguleringsplanen, og asfalterast som vegen forøvrig.

4. Det bør gjerast tiltak i punkt

AV1 som hindrar at gang- og sykkelveg blir nytta som gjennomgangsveg via FV3 mot fylkesveg 60.

Statens vegvesen reknar med å gjennomføre desse tiltaka hausten 2013.

## **2. Vurdering og konsekvensar**

### Økonomi-/budsjettkonsekvensar

I dag er begge vegane formelt fylkesvegar. Det er likevel så korte strekningar, at dei økonomiske konsekvensane er små.

### **3. Konklusjon/tilråding**

Fylkesrådmannen viser til Statens vegvesen sitt forslag om å nedklassifisere om lag 250 meter gamal fylkesveg 724 til kommunal veg når planlagde utbetringar er gjennomført.

Fylkesrådmannen legg til grunn at dei planlagde utbetringane vert dekkja inn over drifts- og vedlikehaldsbudsjettet på fylkesveg.